



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 17.10.2017
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09.00 - 15.00

Drøftingsmøte 17. og 18.10.17 budsjett- og økonomiplan 2018 - 2021

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	Sjuk

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Magne Verpelstad	kommunekasserar	Administrasjon	
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
052/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
053/2017	Godkjenning av møtebok
054/2017	Referatsaker
055/2017	Orienteringssaker
056/2017	Tertialrapport nr 2 - 2017

Notat frå møtet:

052/2017: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

053/2017: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

054/2017: Referatsaker

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

055/2017: Orienteringssaker

Behandling:

Kristin Nåmdal stilte spørsmål om kommunen har gjort noko i høve DAB radio dekninga på Nygård. Ordføraren informerte om at han har sendt spørsmål til NRK om saka, men ikkje fått svar enda. Ordføraren informerte vidare om at han skal etterlyse svar frå NRK. Økonomisjef orienterte om rammer og føresetnader frå statsbudsjetten for budsjettet for 2018 og økonomiplan for 2018 - 2021. Dei frie inntektene for 2018 vil utgjere ca 45,3 mill, noko som er ein

auke frå 2017 på 2,3%. Gjennomsnittleg løns- og prisvekst for 2018 er berekna til 2,6 %. Eigedomsskatten vil bli redusert frå 19,4 mill i 2017 til ca 15,8 mill i 2018, noko som gjev ein reduksjon på ca 3,6 mill. Den totale økonomiske ramma kommunen har til disposisjon for 2018 vil såleis vere redusert med ca 3,6 mill i forhold til 2017. Budsjettframlegga frå tenesteleiarane viser ein auke på ca 5 mill i forhold til budsjettet for 2017. Det er såleis eit gap på ca 8,6 mill som må salderast for å kome i hamn med neste års budsjett. Administrasjonen tek dette arbeidet vidare i samarbeid med leiargruppa.

Økonomisjef orientere og om status for kommunen sine fondsmidlar. Pr 31/12 2016 hadde kommunen 15, 2 mill på disposisjonsfond. Av desse er 8,7 mill på Næringsfondet.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

056/2017: Tertialrapport nr 2 - 2017

Behandling:

Økonomisjef orienterte om status økonomi pr 31.08 2017.

Innkjøp av ny heis til symjebasseng Bryggjeslottet, må formelt godkjennast av kommunestyret.

Vedtak:

Økonomirapport pr 2. tertial vert teken til orientering.

Det vert tilrådd slik justering:

Endring i driftsbudsjettet:

Løyving til innkjøp av ny heis, jfr F-sak 030/2017 kr 92 500 finansiert med dekning frå disposisjonsfond.
